

Tips oss: avisa@strilen.no

aktuelt

Terje Olsen | ansv. redaktør/dagleg leiar | terje.olsen@aslokalavisene.no | 976 14 188



Stig Erik Elliott
redaktør
stig@strilen.no
922 35 766



Ketil Tjore
nyheitsleiar
ketil@strilen.no
922 09 916



Anne-Lise Nordpoll
journalist
anne@strilen.no
986 96 459



Gunn Berit Meland
journalist
gunn.berit@strilen.no
906 82 488



Harald Rongvær
desksjef
harald@strilen.no
920 88 921



Erlend Nordland Kristiansen
journalist
erlend@strilen.no
47841402

Gjeldsprosjektet i Meland Økonomisk førebygging

Meland har nok fått ros i leiarspalta tidlegare for prosjektet med å gje ungdommane økonomisk kunnskap, men dette arbeidet er så bra at rosen gjerne kan repara- rast. Undervisningsopplegget har no vore i bruk i ti år, og det er etter kvart mange tiandeklassingar som har gått ut i vaksenverda med litt meir økonomisk kunnskap enn sine jamaldringar frå andre kommunar.

I tillegg til å ha eit viktig innhald har prosjektet også brukt engasjerande arbeidsmåtar, og fått ungdommane til å tenka sjølv gjennom presentasjonane dei har laga til kvarandre. Sjølv om det nok også i framtida vil vera unge og vaksne i Meland som brukar kredittkortet oftare enn dei bør, så har desse ungdommane fått inn viktig kunnskap som kan hjelpe dei med å balansera forbruket opp mot kva dei klarer å betala i ettertid.

” – Her er det berre å sjå til Meland. Det er ikkje noko gale i seg sjølv å bruka kredittkort. Brukt fornuftig kan dette vera eit greitt hjelpemiddel, til dømes når ein er på Syden-ferie og ikkje vil trekka kortet som går frå lønskon- toen. Og skulle vaskemaskina ryka rett før lønning, og sparekontoen er tom, kan kortet hjelpe med kjøpet. Poenget med kredittkort er som med alle andre lån, for det første må ein ha ein plan for korleis gildet skal betalast, og for det andre må ein vera klar over at lånet kostar meir desse lengre nedbetalingstida er.

Det er underleg at det er så kjapt gjort å ta opp eit forbrukslån på 50.000 kroner eller meir. Eit forbrukslån utan sikkerheit er berre ei tekstmelding unna, men det kan verta veldig dyrt å betala ned over tid. Denne kunnskapen er noko av det Meland-ungdommane får med seg gjennom Gjeldsprosjektet, og det kan vera godt å ha med seg når dei etter kvart skal ut og stå på egne bein økonomisk. Her har kommunen bygd opp eit godt tilbod til dei yngste innbyggjarane, som kan spara både ungdom- mane, og kommunen sitt sosialbudsjett, for utgifter i framtida.

Dette arbeidet bør nå ut til fleire, ikkje berre i Alver kommune der Meland går inn frå 2020, men også til andre nabokommunar. Så her er det berre til å sjå til Meland.



TIL KOMMUNESTYRET: Spørsmålet om skjenking i Storstova kjem opp i kommunestyret i desember.

Framleis nei til skjenking

Formannskapet seier som tidlegare nei til skjenking i Storstova på Leiknes.

Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Denne saka har vore oppe ei rekkje gonger i Lindås-politikken etter at Storstova opna for bruk i vår. Alt før den offisielle opninga vart det søkt om skjenkeløyve for eit privat arrangement i bygget, som i tillegg til å vera gymsal for Leiknes skule også skal vera eit samlingspunkt for ulike kulturaktivitetar i bygda.

Pengar frå bygda

Etter initiativ frå bygdefolk vart det reist eit større bygg på Leiknes

enn berre det som skulle til for å dekkja skulen sitt behov for gymsal, og gjennom alt frå basarar til flaskepant vart det samla inn 1,7 millionar kroner frå bygda som tilskot til bygget.

Då Storstova stod klar til bruk tolka kommuneadministrasjonen reglane slik at det ikkje er høve til å gje skjenkeløyve i bygget, og dette har skapt stort engasjement både i bygda og politisk.

Fleirtal for dagens situasjon

I vår enda diskusjonen med at kommunestyret ba om ein rulle- ring av den alkoholpolitiske planen for Lindås kommune, der dette med skjenking i idretts- hallar og andre offentlege bygg er regulert. Etter politisk handsa- ming har planen i haust vore ute

på høyring, og torsdag 23. november fekk formannskapet planen tilbake på bordet etter høyringsrunden.

Først vart det røysta over eit fellesframlegg frå Sp og opposi- sjonspartia Høgre og Frp, ført i pennen av Anna K. Valle frå Senterpartiet. I dette framlegget vart det opna for å gje skjen- keløyve til Lindåshallen, Nord- hordlandshallen og Storstova på Leiknes, men berre i særlege høve når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.

Dette framlegget fekk støtte av de tre partia og fall. Fleirtal vart det derimot for at situasjonen skal vera som i dag, der det er mogleg å få skjenkeløyve i Nordhord- landshallen og Lindåshallen. Dette vart støtta av Ap, KrF og V.

PONDUS

